



NVS RAPPORT 9/2011

*GPS-merkeprosjektet i Setesdalsheiane:*

# Årsmelding 2010

Lena Romtveit





Romtveit, L. 2011. GPS-merkeprosjektet i Setesdalsheiane: Årsmelding 2010. NVS RAPPORT 8/2011 16s.

Forsidefoto: © Olav Strand

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)

**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)

**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 12.01.2011

ISSN: 1891-5329

## Føreord

Denne årsmeldinga for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdalsheiane oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet ved utgangen av 2010.

Årsmeldinga vil og vera eit grunnlag for styringsgruppa og dei einskilde bidragsytarane sin tilbakerapportering til arbeidsgjevar om korleis deira bidrag i prosjektet blir nytta.

Då sekretariatet for dette prosjektet ligg hjå Norsk Villreinsenter Sør (NVS) på Skinnarbu, er årsmeldinga skriven som ein rapport i NVS sin rapportserie.

Skinnarbu 12.01.2011

Lena Romtveit

## Innhald

<b>FØREORD</b> .....	<b>4</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>6</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>7</b>
<b>PROSJEKTAKTIVITET I 2010</b> .....	<b>8</b>
<b>Administrasjon og møteverksemd</b> .....	<b>8</b>
<b>Formidling</b> .....	<b>9</b>
<b>Fagleg aktivitet</b> .....	<b>10</b>
<b>ØKONOMI</b> .....	<b>11</b>
<b>Oversyn inntekter 2010</b> .....	<b>12</b>
<b>Oversyn utgifter 2010</b> .....	<b>14</b>
<b>PROSJEKTAKTIVITET 2011</b> .....	<b>15</b>

## Samandrag

Det faglege arbeidet har i 2010 vore konsentrert omkring samanstilling av resultat og analyser for dei ulike fokusområda og for bestandsutvikling og tettleiksavhengige effektar på kalverekruttering. Vidare vil det avsluttande arbeidet i 2010/2011 gjera at analysane i Setesdalsheiane no kjem opp på det same nivået som ein hittil bare har hatt på Hardangervidda. I 2010 er det i april merka to bukkar i Setesdal Vesthei. Ein av desse døde like etterpå, men den andre inngår no i rekka av merka dyr i dette området som kan fylgjast på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no). Bukkemerkinga har vore eit viktig delmål i prosjektet. Sjølv om dette kom seint i gang, har det likevel gitt nesten eitt år med data.

Økonomisk har prosjektet hatt stabile inntekter gjennom heile prosjektperioden (2006-2010) og 2010 var det siste året med faste innbetalningar. Innbetaling i 2010 har til liks som i 2006, vore halvparten av dei årvisse løyvingane for åra 2007, 2008 og 2009. Bakgrunnen for dette er at prosjektet kom i gang noko seint i 2006 og skulle avsluttast i 2010 etter ein fireårs periode. Prosjektet har gjennom heile perioden tatt med seg midlar frå eitt år og inn i neste og hadde difor tilstrekkeleg midlar til arbeidet med analyser og sluttrapportering i 2010, samt at prosjektet får med seg ca kr 670 000,- til slutføring i 2011.

Det har i 2010 vore to ordinære styringsgruppemøte. Det eine blei halde i Byglandsfjord og det andre i samband med fellesmøtet med merkeprosjektet på Hardangervidda/Nordfjella på Skinnarbu. Tema for styringsgruppemøta har i stor grad vore resultat, analyser, arbeidet med sluttrapport og vegen vidare. På fellesmøtet var det fagleg og administrativ orientering og gjennomgang av bestandsutvikling og merkebehov i kvart av villreinområda. I tillegg orienterte Olav Strand om planane om eit framtidig regionalt prosjekt på fragmenterte bestandar, samt arbeidet med kartlegging av menneskeleg ferdsel som har blitt gjort i Nordfjella i 2010. Per Øyvind Grimsby orienterte om status for arbeidet med felles framtidig prosjektsøknad til Energi Norge på villrein og fornybar energi. Olav har òg gjennomført ein runde med informasjonsmøte i Setesdalen, i samband med at prosjektet var inne i sitt siste drifts år. Merkeprosjektet har og generert viktig informasjon inn i arbeidet med Regionalplan for Setesdalsheiane (Heiplanen) som no er godt i gang.

Olav Strand har og i år styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har som tidlegare vore Per Øyvind Grimsby frå Sira Kvina Kraftselskap. Norsk Villreinsenter Sør overtok sekretariatet frå og med 26.mars 2009, og har hatt denne oppgåva sidan. Det er Anders Mossing og Lena Romtveit som har hatt ansvaret for dette arbeidet hjå Norsk Villreinsenter.

## Innleiing

GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Aust- og Vesthei-Ryfylkeheiane kom i stand ved oppstartsmøte i Kristiansand 6.juni 2006. Bakgrunnen var at der var haldne to møte om villreinforvaltinga i regionen, med brei deltaking, der konklusjonen var at ein trong meir kunnskap om reinens arealbruk i desse heiområda og utvekslinga dei imellom. Ein såg òg parallellen til Hardangervidda og Rv7 der overvakinga av reinen via GPS-sendarar hadde pågjenge sidan 2001 med gode resultat. På oppstartsmøtet vart det nedsett eit interimstyre som arbeidde fram ei projektskisse og 30.januar 2007 blei prosjektets styringsgruppe konstituert (tabell 1), samt framdriftsplan og økonomistyring vedteke.

Leiar for styringsgruppa har gjennom heile perioden vore Per Øyvind Grimsby frå Sira Kvina Kraftselskap.

Sekretærfunksjonen låg frå starten av hjå Tor Punsvik hjå FM i Vest Agder. Hausten 2007 overtok Lars Arne Bay frå Statskog i påvente av at Norsk Villreinsenter Sør skulle koma på plass. Frå 26 mars 2009 har sekretariatet lege ved Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu, Tinn i Telemark.

Prosjektet har hatt mykje av det same kunnskapsbehovet som dei tilsvarande prosjekta på Hardangervidda og Nordfjella. Det vil difor kunne vera overføringsverdi i resultatata frå kvart av områda. Det er Olav Strand m. fl. frå NINA som stend for forskingsarbeidet både i Setesdalområdet og på Hardangervidda/Nordfjella.

Økonomien blei sikra ved at bidragsytarane (tabell 1) gav tilsagn på årvisse løyvingar (2006-2010; tabell 2) som har blitt fakturert frå prosjektet kvar haust. Ytingane var fordelt med 50% utbetaling av det årlege bidraget frå kvar i oppstartsåret 2006 og i avslutningsåret 2010 og med fulle utbetalningar åra 2007, 2008 og 2009.

Prosjektet har i 2010 hatt sitt siste driftsår i denne prosjektperioden og sluttrapport er venta framlagt innan 1. april 2011.

**Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa i Setesdalprosjektet i perioden 2006-2010.**

<b>Styringsgruppemedlemmer (bidragsytarar)</b>	<b>Andre bidragsytarar</b>
Sira Kvina Kraftselskap	Bygland Kommune
Bykle Kommune	Valle Kommune
Tokke Kommune	Fyresdal Kommune
Hjelmeland Kommune	Vinje Kommune

Sirdal Kommune	Suldal Kommune
Aust-Agder Fylkeskommune	Forsand Kommune
Fylkesmannen i Vest-Agder	Hægebostad Kommune
Statskog Sør-Norge	Åseral Kommune
Statens Vegvesen	Gjesdal Kommune
Otteråens Brugseierforening	Telemark Fylkeskommune
Setesdal Austhei Villreinemnd	Rogaland Fylkeskommune
Setesdal Vesthei Villreinemnd	Vest-Agder Fylkeskommune
Stavanger Turistforening	Fylkesmannen i Rogaland
SR Villreinlag	Fylkesmannen i Aust-Agder
Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde	Fylkesmannen i Telemark
	Lyse Produksjon
	Agder Energi Produksjon
	Arendalsvassdragets Brugseierforening
	Norsk Hydro Produksjon AS
	Statnett SF Region Sør-Norge
	Statkraft Region Vest-Norge

## Prosjektaktivitet i 2010

Omtale av prosjektaktiviteten i 2010 er delt inn i tre underkapittel; administrasjon og møteverksemd, formidling og fagleg aktivitet. Økonomien er omtala i eit eige kapittel. Den faglege aktiviteten er skriven av Olav Strand frå NINA som er fagleg leiar for prosjektet

### Administrasjon og møteverksemd

I 2010 er det halde to styringsgruppemøte. Det fyrste var 7.april og blei halde på Revsnes Hotell, Byglandsfjord. Her var tema kva ein ynskte som hovudpunkt i sluttrapporten, kva som var gjennomført av merking, resultat, gjennomgang av økonomi, evaluering av infomøta (sjå nest siste avsnitt i dette



kapittelet), framdrift og utkast til eit eventuelt CEDREN-prosjekt (overordna og felles prosjekt med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet), samt bruken av data frå merkeprosjektet i regionale planprosessar.

Det andre styringsgruppe møtet blei halde 1.november ved NVS sine lokal på Skinnarbu. Dette var i tillegg eit fellesmøte med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet, jf det som blei arrangert i 2009. Dette møtet var òg i år organisert slik at alle bidragsytarar til prosjekta blei invitert til den opne fellesdelen av møtet 2.november. Vidare hadde kvar av styringsgruppene eit eige møte for kvar sine prosjekt, derav styringsgruppemøtet for Setesdalsprosjektet måndag 1.november. Særskilt for dette styringsgruppemøtet var at der i tillegg var fleire representantar frå villreinnemnda, på bakgrunn av at prosjektet nærmar seg avslutning og at mykje av resultatane som kjem ut av merkeprosjektet er viktige for arbeidet med fylkesdelplanen i området; "Heiplanen". På dette møtet blei det gjeve orientering om prosjektets økonomi, status for prosjektet og datainnsamling, framdrift og anbefalingar, resultat og arbeidet med sluttrapporten.

På fellesmøtet var tema i år bestandsutviklinga i dei ulike villreinområda (Hardangervidda, Nordfjella, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei) ved tilhøyrande villreinnemnd og villreinutval, arbeidet med analyser og sluttrapporteringa i Setesdalsprosjektet, kartlegginga av menneskeleg ferdsel i Nordfjella, det vidare arbeidet med prosjektinnspel til Energi Norge for eit stort overbyggande prosjekt for begge desse merkeprosjekta (bygger vidare på skissa til det tidlegare omtala CEDREN-prosjektet), arbeidet med Regional plan for Nordfjella, samt at Olav Strand orienterte om eit framtidig FoU-prosjekt frå NINA der ein ynskjer å sjå på tema rundt fragmenterte bestandar.

I tillegg til styringsgruppemøta blei det køyrd ein runde med informasjonsmøte i nokre kommunar i mars for å orientere om prosjektet. Desse var retta både mot bidragsytarar og andre med interesse for prosjektet, men òg for kommunane med politikarar og andre med engasjement i villreinforvaltninga i Setesdalsheiane elles. Her var det tiltenkt både dagmøte (for kommuneadministrasjon, politikarar og andre frå forvaltninga) og kveldsmøte (opne for alle interesserte). På grunn av låg oppslutning til dagmøta blei desse avlyst. Kveldsmøta blei haldne på Hjelmeland, Sand, Tonstad og i Valle. Det var varierende tal på fram møtte, men jamt over veldig gode tilbakemeldingar på opplegget.

Sekretariatet har og i 2010 vore ved Norsk Villreinsenter Sør ved Anders Mossing og Lena Romtveit, som òg har ansvaret for sekretariatet for tilsvarande merkeprosjekt på Hardangervidda og i Nordfjella.

### Formidling

NINA og Olav Strand som er fagleg ansvarleg for prosjekta, nyttar resultatane aktivt i formidling av villreinfaglege problemstillingar generelt og ved trong for spesifikk kunnskap i enkelte område, etterspurt av både forvaltning og brukarinteresser. I 2010 hadde Olav ein eigen runde med informasjonsmøte hjå nokre kommunar kring Setesdalsheiane (sjå kap over; *Administrasjon og*

møteverksemd for meir informasjon), med bakgrunn i at dette merkeprosjektet hadde sitt siste driftsår i 2010.

Norsk Villreinsenter Sør har som sekretariat for merkeprosjekta i Langfjella, god tilgang til dei siste oppdaterte forskingsresultata som desse prosjekta genererer. Dette gjer at NVS til ei kvar tid kan formidle det siste innan villreinforskning og dermed ivareta sin rolle som "villreinombud". I 2010 har NVS hatt fleire orienteringsmøte mot kommunar og lokalmiljø rundt Hardangervidda, Nordfjella og delar av Setesdalsheiane. Dette som eit ledd i å formidle villreininteresser for både politikarar og administrasjon, samt alle berørte og interesserte kring villreinområda i Sør-Noreg. Møta har vore lagt opp som uformelle dialogmøte, der NVS har innleidd med tre korte innlegg/foredrag om villrein faglege tema. Eitt av desse har tatt for seg GPS-merkeprosjekta, historikk, oppbygging og resultat. Dei andre to om villreinens arealbruk og om villrein og forstyrningar. Resultata frå merkeprosjekta utgjer eit særleg viktig grunnlag for denne formidlinga og er eit særst godt visuelt og pedagogisk verktøy for å synleggjera villreinens bruk av fjellområda og tilknytte problemstillingar. Dei kommunane som blei oppsøkt på denne måten i 2010 var Vinje, Bykle, Hol, Nore- og Uvdal, Eidfjord, Ulvik og Aurland. Til fleire av møta var det sendt invitasjonar til nabokommunar og annonsert i lokalaviser som dekte breiare enn bare vertskommunen. Desse møta gav verdifulle innspel og dialogar med både forvaltning og brukarar, og det er tenkt å ta opp att denne tråden frå NVS si side i 2011. Det er då tenkt å ta for seg nokre av dei kommunane kring Hardangervidda og Nordfjella som ein ikkje dekte i 2010 og elles prøve å koma i kontakt med fleire aktuelle kommunar kring Setesdalsheiane. Resultata frå merkeprosjekta brukast elles mykje i anna formidlingsarbeid hjå NVS, ved besøk, kurs, foredrag og liknande.

## Fagleg aktivitet

### Status for arbeidet med GPS merkeprosjektet i Setesdalsheiene

*Prosjektsammendrag pr. 15.11.2010 ved Olav Strand; NINA*

Prosjektet i Setesdalsheiene som omfatter Setesdal Austhei og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene er nå i sin avslutning. I praksis betyr dette at vi ikke lenger prioriterer datainnsamling men at det jobbes for fullt med å sammenstille sluttrapporten for prosjektet. I inneværende år har det vært gjennomført en informasjonsrunde der det har vært arrangert møter både med politikere, kommunene så vel som åpne møter på kveldstid.

Arbeidet med å sammenstille sluttrapporten for prosjektet går stort sett etter planen og vi regner derfor med å kunne levere sluttrapport 1.4.2011. Avslutningen av prosjektet går parallelt med arbeidet med å lage en regional arealplan for villreinens leveområder. I og med at sluttrapporten for prosjektet vil foreligge 1.4.2011 er det nødvendig med en tett dialog med bl. a. sekretariatet for fylkesdelplanarbeidet nå i prosjektets slutfase.

Sist vinter ble der radiomerka to bukker med GPS sendere sør for Blåsjø. Kort tid etter merking viste det seg at den ene av disse var omkommet. Årsaken til dette er ukjent, men vi regner med at dette var et merke/ immobiliseringsrelatert dødsfall. Hendelsen er derfor rapportert etter gjeldende rutiner til mattilsynets forsøksdyrutvalg og Direktoratet for Naturforvaltning som har gitt løyve til merkinga.

Radiomerking av bukk har vært en målsetning for prosjektet og er derfor et delmål som vi ikke har lyktes med å oppfylle. Løyvet vi har til å merke bukk er et utprøvningsløyve og inntil dette er rapportert har vi ikke tilgang til å merke et større antall bukk. På siste styringsgruppemøte (nov 2010) ble det framholdt at det var ønskelig å opprettholde datainnsamlingen i prosjektet. Videre ble vi bedt om mulig å prioritere merking av bukk. Vi har derfor laget et innspill til aktuelle fylkesmenn og fylkeskommuner der vi foreslår;

- Å merke bukker innenfor rammen av utprøvningsløyvet sør for Blåsjø (ca 4 bukker)
- Å merke eventuelt merke simler i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene, nord og sør for Blåsjø

Dersom Fylkesmenn og Fylkeskommunene klarer å reise den nødvendige finansieringen vil dette bli gjort i løpet av vinteren 2010-2011.

Arbeidet med å sammenstille data fra de ulike fokusområdene er nå på det nærmeste ferdig (se pdf fil fra prestasjonene fra styringsgruppemøtet i november) og vi arbeider nå med å sammenstille resultatene fra austheia i en publikasjon som vil bli sendt inn til internasjonal fagfelleevaluering i løpet av kort tid. Ved siden av å sammenstille arbeidene som er gjort i de ulike fokusområdene jobber vi også med å sammenstille nye analyser av bestandsutviklingen og de tetthetsavhengige effektene på kalverekruttingen som har blitt dokumentert tidligere.

## Økonomi

Økonomien i prosjektet er organisert med årvisse beløp frå bidragsytarane. I 2010 har det, til liks med 2006, bare blitt utbetalt 50 % av det årlege tilsagnet kvar enkelt bidragsytar har løyvd. Dette då prosjektet starta opp i siste halvdel av 2006, og sommaren 2010 hadde det pågjenge i dei fire åra som var tenkt. Det er totalt innbetalt kr 3 493 225,- gjennom heile prosjekt perioden.

Utbetalingane skjer etter fakturering frå NINA på hausten. Dette inneber at midlane kvart år har kome inn etterskotsvis.

Oversikten i tabell 2 viser kor mykje kvar bidragsytar har hatt som årleg yting, og kva som er betalt inn for 2010 til prosjektet (sjå elles Vedlegg 1: Oversikt over innbetalningar til prosjektet i perioden 2006 til og med 2010).

Utgifter direkte tilknytt forskingsarbeidet utført av tilknytte forskarar, slik som merkeutgifter, analysearbeid, feltarbeid osv, blir fakturert prosjektet og NINA direkte, jf. tabell 3. Det same gjeld òg så langt det er råd, utgifter tilknytt administrativt arbeid som for eksempel møteutgifter til styringsgruppa. Alternativt kan òg dette gå via sekretariatet dersom noko tilseier det. Utgiftene i 2010 (tabell 3) har i tillegg til å gå til normal drift til litt utpå hausten, med mellom anna merking av bukk og datainnsamling, i hovudsak gått til arbeidet med analyser og sluttrapportering. Då ikkje alle midlane som kom inn i 2010 (òg dei som blei overført frå 2009) er nytta, blir det overskytande overført til 2011. Då ein med dette er ferdig med denne prosjektperioden, vil desse midlane gå med til fullføringa av sluttrapporten, som skal føreligge innan 1.april 2011.

## Oversyn inntekter 2010

**Tabell 2: Inntekter frå bidragsytarane i 2010: Innbetalingane dette året har vore 50% av dei årvisse løyvingane resten av prosjektperioden, til liks som i 2006. Dette med bakgrunn i at prosjektet kom i gang seint i 2006 og skulle avsluttast i 2010, med ein prosjektperiode på totalt 4 år. Nokre av bidragsytarane har ikkje betalt inn heile summen for 2010, fordi dei har betalt inn meir eitt eller fleire år tidlegare og dermed har utbetalt heile si løyving før 2010 (sjå vedlegg 1 for spesifisering av kvar enkelt bidragsytars totale løyving).**

Agder Energi Produksjon	13 950	
Statkraft Energi AS	27 300	
Fylkesmannen i Aust-Agder	42 000	Ekstraløyving
Sira-Kvina kraftselskap	32 250	
Statens vegvesen	50 000	
Valle kommune	15 000	
Vest-Agder fylkeskommune		
Fylkesmannen i Rogaland	15 400	
Fylkesmannen i Vest-Agder	174 245*	Ekstraløyving for merking 2011
Fylkesmannen i Vest-Agder	85 865*	Ekstraløyving for merking 2011
Aust-Agder fylkeskommune		

## NVS RAPPORT 9/2011

Otteraaens Brukseierforening	34 800
Tokke kommune	5 000
Lyse Produksjon	9 300
Sirdal kommune	12 500
Rogaland fylkeskommune	12 500
Statnett SF	25 000
Bykle kommune	17 500
Statskog SF	50 000
Fyresdal kommune	10 000
Vinje kommune	5 000
Hjelmeland kommune	7 500
Suldal kommune	12 500
Forsand kommune	
Telemark fylkeskommune	12 500
Arendalsvassdragets brukseierforening	20 500
Norsk Hydro Produksjon	8 850
Statnett SF Region Sør-Norge	
Fakturert i 2009, overført til 2010	627 022
<b>Sum inntekt</b>	<b>1 329 482</b>

\*Ekstraløying frå forvaltinga (Fylkesmenn og Fylkeskommunane) via Fylkesmannen i Vest-Agder, på bakgrunn av innspel på siste styringsgruppemøte, om å samle ekstra midlar til merking i 2011, for å oppretthalde datainnsamlinga i ein eventuell mellomfase (Sjå kapittelet over; *Fagleg aktivitet* for meir informasjon).

## Oversyn utgifter 2010

Tabell 3: Utgifter til prosjektet i 2010. Den relativt høge summen på reise- og møtekostnader, samanlikna med tidlegare år, har samanheng med den runden med informasjonsmøte som Olav Strand gjennomførte i fleire kommunar vinteren 2010 (sjå under kapittelet *Administrasjon og møteverksemd* for meir info). Sekretærenesta frå NVS er p.t. vederlagsfri og har soleis ikkje kosta prosjektet noko anten i 2009 eller i 2010.

Annonsering	4 260
Litteratur	792
Telenor (SMS villreinsendere)	15 560
Sjur J. Vatnedalen - feltarbeid i SR-prosjektet	60 000
Reise- og møtekostnader	41 355
Til dekning av Manuelas post-doc	235 780
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>357 747</b>
<b>Timekostnader</b>	
Olav Strand - 52,5 timer	56 175
Manuela Panzacchi	219 510
Roy Andersen - 21,5 timer	17 630
<b>Sum timekostnader</b>	<b>293 315</b>
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>651 062</b>

Tabell 4. Midlane overført frå 2010 gjer at prosjektet har nesten 680 000 til å avslutte arbeidet med sluttrapporteringa i 2011. Der er p.t. ingen andre estimerte inntekter for dette arbeidet i 2011.

Overført frå 2010 (per 31.12.10)	678 420
Estimert inntekt i 2011	0
<b>Totalt disponibelt i 2011</b>	<b>678 420</b>

## Prosjektaktivitet 2011

Då datainnsamling og analysearbeid blei slutført i 2010, vil arbeidet i 2011 i hovudsak vera ferdigstilling av sluttrapport og presentasjon av denne. Rapporten skal vera klar til 1.april. Det er tenkt å ha eit styringsgruppemøte før dette (i februar) for siste "finish" og innspel til sluttrapport. Til presentasjon av rapporten og endelege resultat er det diskutert fleire alternativ. Det har vore sterke ynskje om eit stort, ope møte, jf det som blei halde i samband med oppstarten av dette prosjektet.

Resultata frå prosjektet vil vera viktige i arbeidet med regionalplanen i området. Det som blir presentert i sluttrapporten vil truleg ha stor påverknad på kva som blir utfallet av denne planprosessen. At resultata frå merkeprosjektet blir publisert i 2011, høver godt med at planen skal opp til godkjenning i fem fylkesting same år.

Etter sluttrapportering er det likevel slik at der går ein del dyr rundt med klavar som fortset å levere data, men ikkje tilstrekkeleg mange nok til å unngå "hol" i dataseriane. Dette gjer at ein har hatt ein diskusjon kring å halde fram med merkinga. På det siste styringsgruppemøtet var det semje om at forvaltninga skulle gjera det dei kunne for å skaffe midlar til eit slikt framhald i prosjektet. Då vil ein få lengre fullstendige dataseriar, òg for den perioden prosjektet avsluttast og ei eventuell vidareføring blir diskutert og kjem i gang. Det blei då semje om at dersom ein greier å få tilstrekkeleg med midlar til å merke meir enn dei naudsynte simlene (4 på Austheia, 4 i nord og 4 sør i Vesthei-Ryfylkeheiane, jf oppsummering på styringsgruppemøte 1. november 2010), er det framleis eit mål å merke fleire bukar for å generere data frå desse òg i same periode.

Framlegg til merking er difor som Olav skriv i oppsummeringa av den faglege aktiviteten i 2010:

- *Å merke bukker innanfor rammen av utprøvingssløyvet sør for Blåsjø (ca 4 bukker)*
- *Å merke eventuelt merke simler i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane, nord og sør for Blåsjø*

*Dersom Fylkesmenn og Fylkeskommunene klarer å reise den nødvendige finansieringen vil dette bli gjort i løpet av vinteren 2010-2011.*

Desse midlane kom faktisk på plass før 2010 var omme, og fins i tabell 2 som: Inntekter frå bidragsytarane i 2010, merka *Ekstraløyving for merking 2011*. Dermed vil det i 2011 bli merka/remerka dyr, for å oppretthalde datainnsamlinga i ein eventuell overgangsfase. Så blir det interessant å sjå korleis resultata frå denne prosjektperiodens sluttrapport, innverkar på diskusjonen kring ei eventuell vidareføring av GPS-merkeprosjekt på villrein i Setesdalsheiane.

ISSN: 1891-5329

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA